

## **Skurdonn**

**Nå står åkeren med gylne aks mot skurden.  
Skuggane vert lange bakom steingardsmuren.  
Hausten er komen. Og kvelden  
mørknar mot nattstille fred.**

**I boka står eit minne om ein sommar  
og vinteren har kome ganske nær.  
I handa mi – ein tust med visna blommar  
frå ljose dagar saman med dei som eg hadde kjær.**

**Det er tid for sigd som ventar på si grøda,  
og ein sommar stablast inn i la på løa.  
Hausten er komen. Og kvelden  
mørknar mot nattstille fred.**

Instrumentalt

**Kvelden kviskrar mjukt om julenattas under.  
Og eit frø ligg ventande i mold og blunder.  
Solmogna, kvilande voner  
voggar meg varleg i svevn.**

**Ei morgonvakning stig i draumevyer  
med vårsol over nypløygd åkerland  
der me går saman under morgonskyer  
mot fulljos dag i svale blomehagar hand i hand.**

**Frøet lengtar mot eit solvarmt vakkingsunder  
for kvar von som drøymande i molda blunder.  
:/: Solmogna, kvilande voner  
voggar meg varleg i svevn :/:**

*Melodi: Vaya con Dios (Larry Russel)  
Tekst: Tobias Skretting 2010*